

Finansdepartementet
Postboks 8008
0030 OSLO

(Brevet er også sendt elektronisk til postmottak@finans.dep.no)

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200603786-1/3/AARN

Bergen, 09. juni 2006

Høyringsuttalelse til NOU 2006: 4 - Rederiskatteutvalget

Hordaland fylkeskommune har vurdert Rederiskatteutvalget si innstilling med forslag til nye skattereglar for skipsfarten i Noreg.

Slik me ser det er skatteregimet for skipsfarten eit av dei viktigaste rammevilkåra for heile den maritime næringa i Noreg. Det er difor viktig at skipsfarten som ei global næring har stabile rammevilkår og at vilkåra er konkurransedyktige med vilkåra i våre viktigaste konkurrentland og då særleg skipsfartsnasjonane i EU. I Skipsfartsmeldinga frå 2003 var dette eit kjernepunkt og Soria Moria erklæringa gav og signal om ei stasing på skipsfart.

Hordaland har ei omfattande og breitt samansett maritim næring der rederiverksemda er sjølv kjerna. Bergen er den største skipsfartsbyen i Noreg og eit senter for ei omfattande maritim klynge. Fleire store rederi har sine driftsorganisasjonar i byen, blant anna verdas største kjemikalierederi, Odfjell. Bergen er spesielt kjent for industriell shipping og byen har store delar av verdsmarknaden på dette feltet. Denne klynga utgjer ein vesentleg del av verdiskapinga i området og er viktig for aktiviteten i heile fylket. Samla omsetnad for den maritime klynga i Bergensområdet er årleg på over 60 mrd kroner og ho gir ei verdiskaping på vel 20 mrd kroner. 14.500 personar arbeidar i maritim sektor, dei fleste i landbaserte stillingar. Bergen har og høgt utvikla kompetanse innan bank-, forsikring- og finansieringstenester for den maritime næringa. Noregs Handelshøgskole er landets fremste utdannings- og forskingsinstitusjon innan nasjonal og internasjonal skipsfart.

Ei anna viktig maritim klynge er lokalisert til Sunnhordland -Haugalandet. I tillegg til ei omfattande rederiverksemd, er og nokre av dei tyngste veftsmiljøa i landet med ein omfattande leverandørindustri lokalisert til denne regionen. Samla omsetning i den maritime næringa i denne regionen var i 2005 knappe 20 mrd kr og bedriftene sysselsette nesten 12 000 personar. Rederia si omsetning var aleine 7 mrd og hadde ei sysselsetting på 4 500 personar kor ca 2 500 var norske sjøfolk.

Samla har derfor Hordaland ei omfattande rederiverksemd innan bulk, spesialbulk, kjølfrys, offshore og nærskipfart. Fleire av dei leiande skips- og offshoreverfta og leverandørbedriftene i landet som Umoe-Schat Harding, Aker Stord, Bergen Mekaniske Verksteder, Fjellstrand, Frank Mohn og Rolls-Royce er lokalisert til fylket. Mange av desse er plassert ute i distrikta våre kor dei er hjørnesteinsbedrifter i sine lokalsamfunn.

Hordaland fylkeskommune har følgjande kommentarar til Rederiskatteutvalget:


- For Hordaland er det viktig at Noreg opprettheld posisjonen som ein stor skipsfartsnasjon. Maritim næring er eit fagfelt der Noreg er i verdsklasse, og det er viktig å ta vare på den kompetanse som er bygd opp gjennom fleire århundre. Som global næring har skipsfarten gitt

Noreg erfaring og kunnskap som har gitt kompetanse i andre delar av næringslivet, ikkje minst innan oljeindustrien.

- I "Regionalt Utviklingsprogram for Hordaland" (næringsplanen) er maritim sektor trekt fram som eit satsingsområde kor Hordaland har særlege føremoner for å lykkast. Bedriftene i Hordaland har vist at dette er eit felt der vi kan konkurrere på verdsbasis, ut frå vår erfaring, vår kompetanse og viljen til satsing og nyskaping. Desse driftsmiljøa må få rammevilkår slik at dei kan utvikla seg vidare. Dette vil ikkje minst tilføre kapital og kompetanse til distrikta våre og gi nye og verdfulle distriktsarbeidsplassar i maritim sektor i fylket vårt.
- Som nemnt er det stor samhandel mellom rederia og andre aktørar i den maritime sektoren kor rederia er viktige kundar for leverandørar innan skipsteknisk utstyr, maritim IT, skipsmekling, finansiering, advokattjenester, verkstader, maritim utdanning, offshore med meir. Dersom ikkje rederia har rammevilkår i Noreg som er konkurransedyktig med vilkåra internasjonalt og særleg i EU, er det stor fare for at rederia legg verksemda si til andre land, slik Schjelderuputvalget sjølv har påpeika. Det vil få store negative konsekvensar for vårt område. Vi ber difor Regjeringa syte for at rederinæringa har rammevilkår som gjer at heile den maritime klynga kan oppretthaldast og styrkast.
- Innføringa av nettolønn har medverka til å behalda norske sjøfolk. Ordninga har gitt stabilitet i næringa etter ein 10-årsperiode med svært usikre og varierende råmer. Trua på ei framtid for norske sjøfolk har auka, og rekrutteringa til maritim næring er i ferd med å ta seg opp. Det er synd at Rederiutvalget igjen skaper uro om desse rammevilkåra. Hordaland er det fylket i landet som har flest sjøfolk (over 4 000 personar), og skal dette oppretthaldast, treng næringa langsiktige og stabile rammevilkår.

Vi vil be om at Regjeringa i sitt endelege forslag til beskatning av rederinæringa gjev rammevilkår som kan gje grunnlag for ein fortsatt vekst og utvikling for denne viktige næringa. Dette inneber eit skatteregime som gjer næringa konkurransedyktig internasjonalt og då særleg i høve til landa i EU. Vi har merka oss at den maritime næringa i Hordaland så vel som elles i landet er svært skeptisk til innstillinga frå fleirtalet i Schjelderup-utvalet og heller ynskjer at ein samlar seg om konklusjonane frå mindretalet i utvalet. Vi ber regjeringa sjå svært nøye på desse innvendingane.

Med helsing


Torill Selsvold Nyborg
fylkesordførar

Kopi: - Maritimt Forum Bergensregionen
- Maritimt Forum Haugalandet – Sunnhordland
- Fylkesutvalet